

Wenche Semmingsen
Sandviksveien 88
5035 Bergen

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/990 - 1 / CMS


Dato:
05.09.2023

Varsel om ulovleg tiltak på eigedom - gbnr. 157/102 - Bergsvika

Kommunen har registrert at de har bygga ein mur og har etablert masseutfylling i strid med reguleringsplanen på området.

Tiltaket konsumerer i praksis heile arealet som er regulert som P5 i reguleringsplanen «Detaljreguleringsplan for hyttefelt H06 i Bergsvik, plan-id:2006003».

Eit utsnitt av reuleringsplanen følger under:



Under visast korleis mur er utbygd i det som er regulert til parkering på området P5 i planen:



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407



Det er opplagt at tiltaket er i strid med reguleringsplanen og at det heller ikkje er omsøkt.

Førehandsvarsel

Kommunen vil vurdere pålegg om tilbakeføring og eventuelt tvangsmulkt. Det vert med dette gjeve førehandsvarsel om slikt pålegg. Før kommunen vurderer pålegg om retting, vil ein be dykk gjere greie for forholda på staden, samt om dykk ønskjer å søke om tiltaket. I så tilfelle må dykk søka dispensasjon. Alternativet er tilbakeføring av tiltaket.

Uttale må vera sendt innan tre veker frå dato 05.09.2023 til:

Austrheim kommune

Sætre marka 2

5943 Austrheim

post@austrheim.kommune.no

Pålegg om retting

Kommunen er pliktig å forfølge tilhøve i strid med plan- og bygningslova, jfr. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunen vil vurdere å gje pålegg om retting / tilbakeføring i medhald av plan- og bygningslova § 32-3. Plan- og bygningslova § 32-3 lyder slik:

“Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid. Ved utferdigelsen av pålegg skal det settes frist for oppfyllelse. Samtidig med utferdigelsen av pålegg kan det fastsettes tvangsmulkt. Ved utferdigelse av pålegg gis opplysning om at pålegget vil kunne følges opp med forelegg som kan få virkning som rettskraftig dom. Endelig pålegg kan tinglyses som en heftelse på den aktuelle eiendom.”

Tvangsmulkt

Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5. Dette kan gjerast utan vidare varsel. Plan- og bygningslova § 32-5 lyder slik:

“Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg innen en særskilt angitt frist. Tvangsmulkten fastsettes samtidig med pålegg om retting og løper fra fristoverskridelsen for retting. Der tvangsmulkt ikke fastsettes samtidig med pålegg, skal det gis eget forhåndsvarsel om tvangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, som et engangsbeløp eller som en kombinasjon av løpende mulkt og engangsbeløp. Tvangsmulkten ilegges den ansvarlige for overtredelsen, og tilfaller kommunen. Når det ulovlige forhold er rettet, kan kommunen nedsette eller frafalle ilagt tvangsmulkt.”

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Dette brevet er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje påklagast.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Wenche Semmingsen
Øivind Karlsen

Sandviksveien 88
Skanselien 35

5035
5034

Bergen
Bergen